

Trygve Asbjørn Wergeland
Monsverket 6
5966 EIVINDVIK

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep

NO-0033 Oslo

BKK Nett AS – 420 kw Mongstad – Modalen – høyring av NVE si innstilling

Merknader til delstrekninga fylkesveg 570 – Iledalen med ilandføringspunktet for sjøkabelen over Fensfjorden til Mongstad.

Eg er eigar av hyttetomt ved sjøen i Iledalen, gnr 62 bnr 39, like aust for ilandføringspunktet for sjøkabelen. To søstre av meg har hyttetomter og bygd hytte på tomtene like vest for mi tomt.

Vi får kraftlina og sjøkabelen sers nærgåande til tomtene våre. Dette vil medføre sterkt redusert verdi for oss i bruk og oppleving. Salsverdien vil gå sterkt ned.


Hovudbruket har for nokre år sidan fått løyve til å bygge skogsbilveg/traktorveg ned til Iledalen, men denne er ikkje realisert.

BKK Nett har planlagt anleggsveg langs kabeltraseen ned Iledalen. Sjøkabel og evt landkabel er planlagt med halv kapasitet av lina elles. Ved seinare dobling av kablane har ein trong for anleggsvegen igjen. Anleggsvegen kan dermed komme til nytte seinare òg, om han vert liggande som permanent veg.

Permanent veg fram til ilandføringspunktet for sjøkabelen vil òg kunne kompensere eit stykke på veg for ulempa og verdireduksjonen vi får med kraftlina/kabelen. **Vi oppmodar derfor Departementet å pålegge BKK Nett AS å opparbeide permanent veg ned til ilandføringspunktet for sjøkabelen**, enten ein vel line eller kabel frå fylkesvegen og ned hit.

Kabel i traseen ned Iledalen vil nok vere best synsmessig og miljømessig.

5966 Eivindvik, 04.12.13.



Trygve Asbjørn Wergeland